



---

# Notat

---

Til: Arnstein Øvsthus, Ingvild Hjelmtveit

Kopi til: Ingri Thomassen, Olaf Michal Hella

Saksbehandler: Sektor for oppvekst, undervisning og kultur/Linda Judith Svidal Nordås

Vår referanse: 23/1443 - 3 / FA-C20, FE-223

Dato: 30.06.2023

---

## Emne: Arbeidsnotat: Søknad om midlar til Bruviknipa

Våren 2023 kom ein søknad til Osterøy kommune om å forskottere eller låne ut kroner 3 000 000 til Osterøy turlag for å kunne utbetre stien til Bruviknipa. Lånesummen baserer seg på eit tilbod frå firmaet «Stibbyggjaren AS». Konkret sum der er kroner 2 546 250, og Osterøy turlag har lagt inn uføresette utgifter til cirka 500 000 slik at totalt søkt omsøkt sum er omlag kroner 3 000 000.

Leiar for Kultur og mangfald Linda Svidal Nordås, prosjektleiar i samfunnsutvikling Jan Arne Solberg og idrettskonsulent Ingri Thomassen var på synfaring på Bruviknipa 9. juni. Formålet var å kartlegge tilstanden på stien og kartlegge uklarheiter i søknad og prosjektskildring frå turlaget. Foreløpig vurdering er at turlaget sine vurderingar stemmer. Det er begynt å bli parallelle stiar på den mest brukte løypa mot toppen, noko som kan seiast å vere uheldig i eit naturmangfaldsperspektiv. Vidare er det særst bratte parti som er steinete og grusete, og som medfører risiko for fall og skadar på turgåarar. Spørsmålet er likevel om kommunen har eit ansvar for denne stien, eller om at all ferdsel er på eige ansvar.

Vidare prosess etter synfaringa var eit avklaringsmøte med prosjektleiar for Sherpatrappene til Bruviknipa, Ole Johan Faugstad. Eit viktig punkt i dette avklaringsmøtet er at det er ein avtale med grunneigarane at tiltaka skal gjerast i stein grunna høgare vedlikehald og mindre vedlikehald. Denne avtalen låser turlaget til ei dyrare løysing. Den totale lengda som det skal utførast tiltak på er på 1100 meter.

### Verdiar i Naturmangfald

Det er i området stiane går, funne ein del raudlista og trua artar som gjer at ein bør vere ekstra observant på tiltak som vert sett i verk. Synfaringa i juni tyder på turlaget skriv riktig når dei seier at kvaliteten på stien gjer at det blir etablert parallelle stiar. Istandsetting av den eksisterande stien kan difor vere med å skjerme naturmangfaldet, slik turlaget skriv i sin søknad. Ut over dette, har ein på noverande tidspunkt ikkje undersøkt om istandsettinga har fått løyve til tiltaka frå Teknisk forvaltning og plan. Dersom ein vel å gå vidare med saken, om det er å gje tilskot, lån eller garanti for lån, bør det undersøkast at det er samsvar mellom det som ein gjev økonomisk løyve til og det ein gjev byggeløyve til.

### Verdiar i Reiseliv

Oppfølging i reiseliv er per i dag i hovudsak gjeve som oppdrag til Osterøy utvikling, som igjen har eit samarbeid med Visit Bergen om å marknadsføre Osterøy kommune som reiselivskommune. I denne pakka vert Bruviknipa marknadsført. Vi har ikkje klart å finne at det er gjort vurderingar som seier noko om det kommunale ansvaret for reisemåla som Visit Bergen marknadsfører på vegne av Osterøy utvikling og Osterøy kommune. Spørsmålet er difor om det offentlege får eit ansvar fordi vi indirekte gjev Osterøy utvikling og Visit Bergen marknadsføringsrett utan at vi har gjort ROS-analyser av det som vert marknadsført. Det er ingen tvil om at Bruviknipa har auka besøkstal grunna denne marknadsføringa.

### Verdiar i Friluftsliv

Osterøy kommune har i følge Friluftslova §§ 22 og 35 ansvar for å legge til rette for friluftsliv, ta i vare allmennheta sine interesser i friluftsliv, samt setje i gong tiltak for å lette ferdsel langs turruter og turstiar i utmark. Osterøy kommune er i oppstartsfasen av plan for friluftslivets ferdselsårer. Dette er ein temaplan som vil legge føringar for Osterøy kommune sine prioriteringar for utvikling av friluftsliv i framtida.

### Økonomiske vurderingar

Osterøy kommune sitt investeringsbudsjett vil bli tungt belasta i åra som kjem med Omsorg +, Osterøy ungdomsskule og svømmehall. Osterøy turlag har stor tru på at dei vil få tak i eksterne midlar, men dei har per i dag ikkje fått tildeling. Det einaste kommunen kan påverke, er spelemiddeltildeling gjennom å prioritere prosjektet høgt på handlingsprogrammet.

Kostnadsoverslag for prosjektet vil i følge Stibbyggjaren vera dette. Endringar i summene må forventast.

Skildring	Utgift	Inntekt	Kommentar
Kjøp av varer og tenester	2 037 000		
MVA	509 250	509 250	Kan søkjast kommunal lånegaranti for
Uføresette kostnader	500 000		
Spelemiddeltilskot		500 000	Kan søkjast kommunal lånegaranti for
Andre tilskot			Kan søkje kommunal lånegaranti for tilskot dei har fått bekrefta, men ikkje fått utbetalt
Totalsum	3 037 000	1 009 250	Laget må vise til anna finansiering av 2 027 750

Turlaget kan få inntil 50% av utgiftene dekkja gjennom spelemiddelordninga, i tillegg vil dei få MVA kompensasjon for kjøp av varer og tenester. Disse to inntektene er estimert til kroner 509 250,-. Turlaget må likevel kunne dokumentere kroner 2 027 750 i eigenandel/tildelte tilskot før dei får godkjent ein søknad om spelemidlar, og det er uvisst når og om desse midlane er på plass.

Osterøy kommune har per i dag valt å sette alle avtaler med lag og organisasjonar om friluftsområde på vent grunna usikkerheit om kven som eig stiar og installasjonar. Det vi veit, er at når turlaget regionalt eig ein søknad om spelemidlar, er det difor dei som eig stien. Dette betyr at Osterøy kommune ikkje kan gje tilskot eller lån via investeringsbudsjettet.

Kultur og mangfald rår frå å gje lån, fordi det er heilt uvisst om det vert tilbakebetalt. Kultur og mangfald anbefaler heller ikkje at Osterøy kommune går inn å eig spelemiddelsøknaden og prosjektet. Dette med grunngjevnad i:

- det er uheldig at ein prioriterer eit område tilfeldig utan forankring i plan (jf Friluftslivets ferdselsårer).
- Tek vi over spelemiddelsøknaden, må vi eige heile prosjektet. Det er uvisst om vi har kapasitet til.

### **Heilskapleg vurdering**

Kultur og mangfald tilrår at ein gjev avslag på søknad om lån. Samtidig vurderer vi at når Osterøy kommune indirekte marknadsfører Bruviknipa som eit reisemål, har vi òg eit delansvar for den auka trafikken.

I Osterøy kommune har praksis vore at kommunen har ytt 25% av spelemiddeltilskotet der kommunen eig anlegget. Kommunelova set forbod mot å løyva investeringsmidlar til tiltak i privat eige. Tilskot til private utbyggjarar må følgjeleg løyvast over driftsbudsjettet eller via dispensasjonsfondet. Det er uheldig å låse kommunen sitt dispensasjonsfond eller driftsbudsjett til ei løyving fram i tid, men det kan likevel vere nødvendig å gjere det i dette tilfellet. 25 % av venta spelemiddeltildeling er 125 000 kroner, og er såleis ikkje den største summen å låse seg til. Samtidig kan dette sette ein uheldig presedens.

Kultur og mangfald ynskjer å gå inn med praktisk søknadsstøtte til Osterøy turlag for å auke sjansen for at det vert tildelt eksterne midlar til prosjektet. Vi ynskjer òg å oppfordre òg turlaget å søke kommunal garanti for lånebeløp tilsvarande spillemiddelsøknad og MVA-kompensasjon, for å sikre at prosjektet kjem i gang i rimeleg tid.

Risikoen ved å avslå søknad, er at vi får ei akuttsak om ikkje så alt for lenge fordi stien er blitt ødelagt, og at vi da blir nødt til å gå inn med full prosjektstyring og -gjennomføring. Det er kultur og mangfald sin tydelige anbefaling at vi ikkje går inn i eit prosjekt der turlaget er tiltakshaver og kommunen betaler.

### **Førebels konklusjon om vidare saksgang**

Vi skriv eit saksframlegg til første møte i Herradsstyret med omtrent same innhald som dette notatet.

Vi anbefaler:

- Tilskot på 125 000 via dispensasjonsfondet, mest fordi vi bør ta noko ansvar for auka besøkstal
- Ber om søknad på kommunal garanti for lån for venta spillemiddeltildeling, MVA-komp og andre evt tilsot som er tildelt, men ikkje utbetalt.

Dette vil mest truleg medføre at spelemiddelsøknad ikkje kan godkjennast i år fordi dei ikkje vil kunne dokumentere fullfinansiering.